 - b) «Sund og Bælt Holding A/S» orienterer om korleis det danske statleg eigde aksjeselskapet har bygd infrastruktur over Storebælt, Øresund og Fehmarnbelt, som no er under bygging. Dette vert gjort med finansiering som ikkje belastar statsbudsjettet. Ikkje endeleg stadfesta.
3. Samtale med Finn Aasmund Hobbesland i Nye Veier om deira tankar kring Vestlandsvegen og eventuelle nye finansieringsformer. Ikkje endeleg stadfesta.
4. Toppolitikardebatt: Inviterte er Jon-Ivar Nygård (Ap), Trond Helleland (H) og Bård Hoksrud (Frp) - ingen er endeleg stadfesta.

Framtidas matberedskap - kva rolle spelar havregionen Vestlandet?

Stad: «Rygerelektra», Pollen i Arendal

Tid: onsdag 12. august kl. 17:30-18:30

Programansvarleg: May Endresen, seksjonssjef næring i Rogaland fylkeskommune

Vestlandet er ein av Norges viktigaste havregionar, og ein berebjelke i landets blå matberedskap, samfunnstryggleik og totalforsvar. I ei tid prega av aukande geopolitisk uro vert det stilt nye krav til nasjonal tryggleik, verdiskaping og sikker tilgang på mat.

Korleis kan Vestlandet bidra sterkare til Norges matforsyning og beredskap - i dag og i årene som kjem? Og kva må til for å sikre trygg og stabil mat frå havet også i framtida?

Vestlandsrådet, i samarbeid med næringsklyngene Stiim Aqua Cluster og Blue Planet, inviterer til eit arrangement som set søkelys på Vestlandets sentrale rolle i Norges totale forsvarsevne. Gjennom havbruk, fiskeri, foredling, hamner, energiforsyning, logistikk og teknologi utgjør regionen eit heilt avgjerande bidrag til nasjonal beredskap.

Arrangementet vil belyse korleis Vestlandets infrastruktur, kompetanse og næringsliv kan styrke trygg matforsyning, robuste kystsamfunn og auka nasjonal motstandskraft.

Gjennom faglege innlegg, politiske samtaler og konkrete dømer, skal det visast korleis blå næringar og beredskapsaktørar på Vestlandet - i samspel - kan bidra til å sikre Norge stabil tilgang på trygg mat frå havet.

Inviterte deltakarar under arrangementet (venter på stadfesting):

- **Sjømat Norge** - (navn kommer) om fiske og akvakultur som del av norsk matberedskap og matsikkerhet
- **Jannicke Fugledal Rømme, SINTEF**, leder prosjektet Forsyne <https://www.sintef.no/prosjekter/2025/forsyne/> om regional beredskap og næringsaktivitet
- **TBC, Skretting Norge** - råvaretilgang, beredskapslager, akvakultur som del av norsk matberedskap

- **TBA** (Bente E. Torstensen), **NOFIMA** med utgangspunkt i prosjektet som ser på sjømatens rolle i matsystemene
- **Helge André Njåstad** - stortingspolitiker FrP -(forespurt)
- **Geir Pollestad** - stortingspolitiker Sp (forespurt)

- **Næringsminister eller Fiskeri- og havminister** (forespurt)
- **Debattleder:** Eivind Helland, Blue Planet AS

Saksnr:	2026/4095-18
Saksbehandlar	Thomas Finnøy, Møre og Romsdal
Dato:	01.06.2026

Til: Vestlandsrådet

Frå: Fylkesdirektøren

NORA (Nordisk Atlantsamarbeid) – status, aktivitetar og vegen vidare.

Vestlandsrådet og NORA

NORA (Nordisk Atlantsamarbeid) er eit nordisk-atlantisk samarbeidsorgan under Nordisk ministerråd. Organisasjonen arbeider for å styrkje berekraftig regional utvikling i Færøyane, Grønland, Island og kyst-Noreg gjennom prosjektstøtte, nettverksbygging og strategisk samarbeid.

Frå norsk side har regjeringa peikt ut Vestlandsrådet og Nordland fylkeskommune som norske rerepresentantar for kyst-norge. I NORA sin styringskomite er det tre representantar frå kvart land. Norge er representert med medlemmer frå Kommunal- og distriktsdepartementet, Vestlandsrådet og Nordland fylkeskommune.

Etter sist oppnemning for perioden 2025-2028, er det Thomas Finnøy, Møre og Romsdal fylkeskommune, som representerer Vestlandsrådet i styringskomiteen.

Finansieringa av NORA byggjer på fleire element:

- årlege løyvingar frå Nordisk ministerråd
- bidrag frå dei deltakande områda: Island, Færøyane, Grønland og kyst-Noreg
- prosjektbasert eigenfinansiering frå partnerane sjølve
- samarbeid med andre nordiske og arktiske program og institusjonar

Ein stor del av budsjettet går direkte til prosjektstøtte og nettverksaktivitetar.

Vestlandsrådet bidreg med 100.000 DKK (pt 144.000 NOK årleg) til finansieringa av NORA.

For Vestlandsrådet er NORA relevant fordi samarbeidet omfattar fleire av dei viktigaste hav- og kystregionane i Nord-Atlanteren. Vestlandet har sterke miljø innan maritim industri, sjømat, energi, teknologi og reiseliv, og regionen har difor mykje å hente på tettare samarbeid med dei nordatlantiske partnerane.

NORA - rolle og status

NORA framstår i dag som ein relativt liten, men strategisk viktig samarbeidsplattform i Nord-Atlanteren og Arktis.

Organisasjonen har dei siste åra utvikla seg frå å vere primært ein prosjektfiansiør til òg å fungere som:

- agenda-setjar
- nettverksbyggjar
- katalysator for nordatlantisk samarbeid

Den nye strategien legg særleg vekt på:

- grønn omstilling
- innovasjon og næringsutvikling
- robuste og attraktive lokalsamfunn
- ressurs- og matsikkerheit
- mobilitet og kompetanse
- AI og digitalisering
- «silver economy» - eldre som ressurs i samfunnsutviklinga

NORA har samtidig styrkt sitt internasjonale perspektiv gjennom tettare samarbeid med mellom anna Skottland og Canada.

Nylege aktivitetar og satsingar

I perioden 2024-2026 har NORA gjennomført og vidareutvikla fleire sentrale aktivitetar og initiativ. Det viktigaste grepet har vore vedtaket av eit nytt strategiprogram for perioden 2025-2028. Strategien peikar ut retninga for organisasjonen dei komande åra, med særleg vekt på grønn omstilling, innovasjon, attraktive lokalsamfunn og styrkt nordatlantisk samarbeid. NORA har vidareført ordninga med to årlege finansieringsrundar for prosjekt innan regional utvikling. Prosjekta omfattar mellom anna:

- grønn omstilling og berekraftige næringar
- havøkonomi og blå bioøkonomi
- turisme og regenerative reiselivsmodellar
- AI og digitalisering
- energiberedskap
- lokal samfunnsutvikling
- matsikkerheit og berekraftig matproduksjon
- coworking og utvikling av bygdesamfunn

Organisasjonen har òg hatt høg aktivitet innan møteplassar og konferansar. Mellom dei viktigaste arrangementa dei siste åra er:

- *An Ocean of Opportunities 2025*
- *Generation Nordic*
- aktivitetar knytte til *Arctic Frontiers*

Gjennom desse arenaene har NORA styrkt kontakten mellom næringsliv, forskingsmiljø, offentlege aktørar og unge entreprenørar i Nord-Atlanteren.

Prosjekt og samarbeid med relevans for Vestlandet

Utviklinga i Nord-Atlanteren er tett knytt til dei strategiske interessene på Vestlandet. Klimaendringar, energiomstilling, geopolitisk uro og behovet for berekraftige havnæringar gjer det stadig viktigare å bygge sterke regionale samarbeid.

Gjennom NORA får vestlandske aktørar:

- tilgang til internasjonale nettverk
- moglegheit til prosjektfinansiering
- erfaringsoverføring mellom kyst- og øysamfunn
- samarbeidsarenaer for innovasjon og næringsutvikling
- sterkare posisjonering i nordisk og arktisk samarbeid

Vestlandet har dei siste åra vore involvert i fleire prosjekt med støtte frå NORA, særleg innan maritime og marine næringar.

Vestlandske bedrifter og fagmiljø har delteke i samarbeid om:

- berekraftig sjømatproduksjon

- utvikling av blå bioøkonomi
- utnytting av marine restråstoff
- grøn skipsfart og utsleppsreducerande teknologi
- berekraftig reiseliv i kyst- og fjordområde
- forskings- og kompetansesamarbeid i Nord-Atlanteren

Eitt av dei mest profilerte prosjekta dei siste åra er *Arctic Digital Nomads*, leia av Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv med støtte frå NORA. Prosjektet skal trekkje digitale nomadar, kunstnarar og frilansarar til Geiranger, Þingeyri på Island og Vágur på Færøyane utanfor turistsesongen.

Prosjektet har fått internasjonal merksemd gjennom omtale i mellom anna *Forbes* og fleire internasjonale nettverk for fjernarbeid og digitale nomadar. Satsinga har òg vore omtalt i NRK som eit innovativt tiltak for å skape meir heilårsaktivitet og ny busetjing i distrikta. Første året for prosjektet (2025) var det 300 søknadar. I oktober 2026 hadde det kome inn over 15.000 søknadar frå familiar og einslege frå heile verda, og samla sett var det over 20.000 personar med i vurderinga.

Elles er det særleg innan sjømat og havnæringar har samarbeidet med Island, Færøyane og Grønland gitt nyttige erfaringar og tilgang til internasjonale nettverk.

NORA har òg lagt større vekt på ungdom og framtidig kompetanse gjennom *Generation Nordic*. Initiativet skal styrkje attraktiviteten til nordatlantiske lokalsamfunn og bidra til at fleire unge ser moglegheiter i regionen.

Strategiar og prioriteringar framover

Strategien for 2025-2028 byggjer på Nordisk ministerråd si visjon om Norden som verdas mest berekraftige og integrerte region innan 2030. Dei viktigaste prioriteringane framover er:

Styrkje berekraftig regional utvikling

- støtte innovative næringar
- fremje grønne løysingar
- auke lokal verdiskaping

Utvikle robuste nordatlantiske samfunn

- attraktive lokalsamfunn
- kompetanseutvikling
- mobilitet og busetjing

Auke samarbeid og alliansar

- tettare samarbeid med arktiske aktørar
- styrkt nordatlantisk nettverksbygging

Satse på ungdom og framtidig kompetanse

- vidareutvikle *Generation Nordic*
- styrkje entreprenørskap og rekruttering

Løfte fram «Silver Economy»

I 2026 skal NORA etablere ein eigen *Silver Economy Award* for å synleggjere eldre som ressurs i regional utvikling.

Vidareføre prosjektfinansiering

- to årlege søknadsrundar
- prioritering av prosjekt som støttar berekraftsmål og regional innovasjon

Oppsummering

NORA er inne i ein fase med tydeleg strategisk konsolidering og aukande regional relevans. Organisasjonen kombinerer prosjektstøtte med politikktutvikling, nettverksbygging og internasjonalt samarbeid.

Satsingane fram mot 2028 peikar særleg mot:

- grøn omstilling
- berekraftige havnæringar

- innovasjon og digitalisering
- attraktive lokalsamfunn
- kompetanse og demografi
- sterkare nordatlantiske alliansar

NORA representerer for Vestlandet ein plattform for samarbeid, verdiskaping og strategisk utvikling i Nord-Atlanteren og nordområda.

Saksnr: 2026/4095-16
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 29.05.2026

Til: Vestlandsrådet

Frå: Fylkesdirektøren

Innspel til revidert nasjonalbudsjett 2026

På møte i Vestlandsrådet, 15.april 2026, vart det handsama sak om innspel til Stortinget sitt arbeid med revidert nasjonalbudsjett 2026. Det vart gjort følgjande vedtak:

«AU får fullmakt til å endeleg utforma uttale om styrka finansiering av fylkesvegvedlikehald og underfinansiering av fullføringsreforma som innspel frå Vestlandsrådet til Stortingets sitt arbeid med revidert nasjonalbudsjett.»

Som oppfølging av rådsvedtaket, vart det lagt fram følgjande to forslag til innspel for AU:

Venta kostnadsauke på grunn av fullføringsreforma – innspel til revidert nasjonal budsjett 2026

På møte i Vestlandsrådet (interkommunalt politisk råd), 15.april 2026 vart det vedteke å oversende innspel til revidert nasjonalbudsjett 2026 om venta kostnadsauke i gjennomføring av fullføringsreforma. Vestlandsrådet oversender følgjande innspel:

«Fullføringsreforma styrkjer retten til vidaregåande opplæring for ungdom mellom 16 og 24 år. Reforma inneber meir fleksible og tilpassa opplæringsløp, moglegheit for utvida tid og alternative løysingar ved stryk, avbrot eller manglande læreplass. Elevane har også fått styrka retten til å gjere omval.

I tillegg har elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging fått utvida sine rettar gjennom fullføringsreforma. Denne elevgruppa kan ta ut rett til vidaregåande opplæring til og med det skuleåret dei fyller 24 år uavhengig av i kva grad dei har nådd sine individuelle mål. Den lovfesta retten deira til vidaregåande opplæring er med denne endringa auka til 8 år.

I 2025 medførte den styrka retten til omval ein auke i søkjartalet til vidaregåande opplæring om lag 3-400 ungdommar både i Rogaland og Vestland fylkeskommunar. Søkjartala til kommande skuleår syner same tendens. Dette med ein årleg kostnadsauke på om lag 50 mill. kr i dei to fylkeskommunane. Møre og Romdal fylkeskommune har same høvesvise vekst i talet på ungdom som har rett til omval. Her er det grunn til å vente ein årleg kostnadsauke på om lag 25 mill. kr. Vidare syner søkjartala dei to siste skuleåra at ein stor andel elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging vel å nytte seg av retten til å vere lenger i vidaregåande opplæring. Nasjonale prognosar syner at andel elevar med rett til individuell opplæring vil doble seg frå 1,6% av årskullet i 2025 til 3,2% av årskullet i 2030. Denne lovendringa vil med dette føre til vesentleg auka kostnader for fylkeskommunane dei komande åra.

Prognosar for Rogaland og Vestland fylkeskommune syner at kostnadsnivået vil auke med 60 -75 mill. kr per år. Totalt vil auken verte på omlag 180 - 225 mill. kr per år. For Møre og Romsdal

fylkeskommune er det venta kostnadsauke på om lag 25 - 30 mill. kr per år. Totalt vert auken om lag 75 - 90 mill. kr per år.

Retten til å gjere omval og utvida rettar for elevgruppa med behov for individuell tilrettelegging er slik vi ser det ikkje finansiert i statsbudsjettet for 2026 og dei kommande åra. Tala over syner at dei tre fylka i Vestlandsrådet vil ha behov ei styrking på om lag 270 - 300 mill. kr i 2026, aukande til 560 -650 mill. kr dei kommande åra.

Det er også grunn til å sjå føre seg auka kostnader på andre område som følgje av fullføringsreforma, t.d. meiropplæring for elevar, lærlingar og ungdom i oppfølgingstenesta og vidaregåande opplæring for vaksne.

Oppsummering av estimert auke i kostnader knytt til omval og individuelt tilpassa opplæring:*

	2026	2030
Omval Møre og Romsdal	25 mill. kr	25 mill.kr
Omval Rogaland	50 mill. kr	50 mill.kr
Omval Vestland	50 mill. kr	50 mill.kr
ITO Møre og Romsdal	25 -30 mill.kr	75 -100 mill.kr
ITO Rogaland	60 -75 mill.kr	180 -225 mill. kr
ITO Vestland	60 -75 mill.kr	180 -225 mill. kr
Totalt	270-300 mill.kr	560 - 650 mill.kr

*tala i tabellen inkluderer ikkje estimert kostnadsauke knytt til andre område, som til dømes meiropplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. Det må jobbast vidare for å lage estimat for dette.

Vestlandsrådet ber om at det vert sett i gang eit arbeid for å kartlegge fylkeskommunane sine auka kostnader på grunn av utvida rettar for ungdom mellom 16 og 24 år og at fylkeskommunane får kompensert kostnadane for 2026 i revidert nasjonalbudsjett. Vidare ber vi om at kompensasjonen vert innarbeidd i statsbudsjettet frå 2027».

Finansiering av styrka fylkesvegvedlikehald i revidert nasjonalbudsjett 2026

På møte i Vestlandsrådet (interkommunalt politisk råd), 15.april 2026 vart det vedteke å oversende innspel til revidert nasjonalbudsjett 2026 om finansiering av styrka fylkesvegvedlikehald. Arbeidsutvalet til Vestlandsrådet, bestående av fylkesordførarane, oversender følgjande innspel:

«I arbeidet med nasjonal transportplan 2025-2036 er det dokumentert at fylkesvegnettet har vesentleg lågare standard enn riksvegnettet. Desse skildnadene har auka over tid og det har oppstått eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, med auka risiko for trafikkulukker, dårlegare framkome og redusert samfunnstryggleik på fylkesvegnettet.

Vestlandsrådet peikar på at vedlikehaldsetterslepet er særleg stort i kystfylka på Vestlandet, der krevjande topografi, klima, mange tunellar, bruer, ferjekaiar og skredutsette strekningar gir høgare belastning og kostnader enn landsgjennomsnittet.

Statens vegvesen har berekna at vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg i landet er om lag **93 mrd. kroner** (2022-kroner). For fylka i Vestlandsrådet er etterslepet berekna slik av Statens vegvesen:

Vestland: 18,4 mrd. kr

Møre og Romsdal: 9,3 mrd. kr

Rogaland: 5,1 mrd. kr

Desse tala er usikre, da metodikken ikkje fullt ut fangar opp høgare kostnader på vegar med låg standard, smale tverrprofilar og krevjande topografi. Møre og Romsdal fylkeskommune si eiga kartlegging frå 2023 viste til dømes eit samla vedlikehaldsetterslep på 16,9 mrd.kr og Rogaland fylkeskommune si kartlegging frå 2023 viste eit vedlikehaldsetterslep på om lag 15 mrd. kr. Vestland fylkeskommune har ikkje berekna vedlikehaldsetterslep sjølve, men har utarbeida eit kunnskapsgrunnlag som viser at dei treng naudsynte oppgraderingar for 82 mrd. 2025-kr. Vestlandsfylka har særlege utfordringar, der fylkesvegnettet er prega av:

- mange og lange tunellar, bruer og ferjekaiar,
- smale vegar med krevjande kurvatur,

- *høg eksponering for skred og andre naturfarar*

Klimaendringar forsterkar risikoen for flaum, erosjon og skred, og aukar belastninga på eit allereie sårbart fylkesvegnett. I tillegg medfører nye forskrifter, krav og forventningar store belastningar for investeringsbudsjetta. Fylkeskommunane har dei seinare årene også fått andre investeringstunge oppgåver gjennom nye forskrifter, krav og forventningar. Tunnelsikkerheitsforskrift, ladeinfrastruktur for kollektiv (buss, båt og ferje), og meir komplisert infrastruktur som må vedlikehaldas og driftast gjer at investeringsbudsjetta er under press.

Berekningane viser altså at vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg er svært stort, og samla for fylka i Vestlandsrådet utgjer det fleire titals milliardar kroner. Vestlandsrådet er sterkt kritisk til berekningsmodellane i dagens finansieringssystem, som i all hovudsak legg opp til å dekke kostnader for å oppretthalde dagens nivå, og ikkje for å ta att vedlikehaldsetterslepet. Midlane i Kolonne 1 Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet i Tabell C Saker med særskild fordeling for fylkeskommunane 2025 er fordelt mellom fylkeskommunane på grunnlag av kartlegginga av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegar gjennomført av Statens vegvesen. Midlane fylkeskommunane får gjennom Tabell C er i dag ikkje nok til å gjennomføre intensjonen om å fornye og ruste opp fylkesvegnettet.

Vestlandsrådet ber Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett 2026 om ei øyremerka tilleggsøyving til styrking av vedlikehaldet på fylkesvegane på Vestlandet, og at dette vert vidareført og lagt inn i rammeoverføringane til fylkeskommunane i statsbudsjettet for 2027.

Eit fylkesvegnett som toler klimaendringar og kan fungere som stabile omkøyringsvegar er viktig for den samla beredskapen. Dei økte rammene bidrar til at fylkeskommunane også framover kan ta vare på dei vegane dei har og bidra til at dei nasjonale transportpolitiske måla nås.»

Handsaming i Vestlandsrådet AU

Innspela vart lagt fram for handsaming i AU gjennom e-post, og fekk slik avrøysting:

- Innspelet om venta kostnadsauke på grunn av fullføringsreforma fekk samrøystes tilslutning, og vert sendt inn til finanskomiteen på Stortinget.
- Innspelet om styrka finansiering av fylkesvegvedlikehald i revidert nasjonalbudsjett 2026 fekk tilslutning mot ei røyst (Ole Ueland, Rogaland fylkeskommune). Leiaren i AU bestemte at innspelet ikkje vert sendt inn til finanskomiteen.

Saksnr: 2026/4095-14
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 01.06.2026

Til: Vestlandsrådet

Frå: Fylkesdirektøren

Evaluering av Vestlandsrådet sin mobiliseringskonferanse for E39 Vestlandsvegen, 15.april 2026, og vidare arbeid med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Kort fortalt om konferansen

Korleis sikre satsing på og vidare utbygging av E39 Vestlandsvegen i Nasjonal transportplan (NTP) 2029-2040?

Med denne utfordringa inviterte Vestlandsrådet til mobiliseringskonferanse for E39 Vestlandsvegen, 15.april 2026 i Bergen.

Oppsummering av konferansen (inkl fotoalbum) kan lesast på denne nyhendesaka publisert på Vestland fylkeskommune sine nettsider;

[E39: Vestlandet må stå samla, presentere løysingar og kjempe for heilskapen](#)

Samarbeid og administrativ arbeidsgruppe

Planlegginga og gjennomføringa av konferansen har føregått i ei administrativ prosjektgruppe med følgjande representantar;

- Iver Jan Leren, Vestlandsrådet prosjektleiar
- Thorbjørn Aarethun, Vestlandsrådet, sekretariatsleiar
- Matti Torgersen, Vestland fylkeskommune, seniorrådgjevar
- Heidi Nerland, Møre og Romsdal fylkeskommune,
- Tina Tednes Jacobsen, Rogaland fylkeskommune, seniorrådgjevar
- Tom Christer Nilsen, Bergen næringsråd, næringspolitisk sjef
- Heidi Nakken, Næringsforeninga i Ålesundsregionen
- Tormod Andreassen, Stavanger næringsforening, næringspolitisk leiar
- Øyvind Halleraker, Bergen2Stavanger, dagleg leiar

Kommunikasjonsarbeid

I tillegg til den administrative arbeidsgruppa har kommunikasjonsseksjonen i Vestland fylkeskommune v/ Helen Daae Frøyseth, hatt ansvaret for kommunikasjonsarbeidet i samband med konferansen.

Dette har i hovudsak omfatta utsending av pressemelding i forkant av konferansen, profilering og konferansmateriell, fotografering og utarbeiding/publisering av tidlegare omtalte nyhendesak.


Med grunnlag i medieovervåking viser oversikten under kva medier som har laga sak eller oppslag på konferansen:

Sak før konferansen	Sak etter konferansen
<ul style="list-style-type: none"> • Firda • Vikebladet • Midsundingen • Byggeindustrien • NRK Møre og Romsdal • Bladet Tysnes • Sunnhordland • Fjordabladet • Bømlo nytt • nett.no, • Fjordingen • Marsteinen • anlegg.no • Mørenytt • Firda tidend • Os og Fusaposten 	<ul style="list-style-type: none"> • Nynorsk pressekontor (NPK) • Fjordingen • Romsdals Budstikke • Bømlo-Nytt • NRK • Stord24 • Bladet Tysnes • BT

Oppslag i Bergens Tidende og Romsdals Budstikke er vedlagt.

Nasjonal transportplan 2029-2040 - overordna framdriftsplan

Det vidare arbeidet med å synleggjere E39 Vestlandsvegen inn mot Nasjonal transportplan 2029-2040 må tilpassast framdrifta for regjeringa og Stortinget sitt NTP-arbeid. Den overordna prosessen med Nasjonal transportplan 2029-2040 kan settast opp på følgjande måte:



*Utgreiingsoppdrag til transportetatane frå SD og FD:

- Indikatorer for nytt mål om motstandsdyktighet
- Utfordringsbilde og mobilitetsbehov
- Meir for pengane

- Klima og miljø
- Motstandsdyktighet i transportsektoren
- Kartlegging av kompetansebehov i transportsektoren

Fullmakter til Vestlandsrådet AU og videreføring av administrativ arbeidsgruppe

På møte i Vestlandsrådet, 14.april 2026, vart det handsama sak om Nasjonal transportplan 2029-2040 - vidare arbeid med E39 Vestlandsvegen. Det vart gjort følgjande vedtak:

«Vestlandsrådet vil framover ha særleg fokus på å synleggjere og løfte fram E39 Vestlandsvegen i arbeidet med Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet gir AU fullmakt til å avklare og gjennomføre det praktisk politiske arbeidet for å sikre E39 Vestlandsvegen merksemd og prioritet i Nasjonal transportplan 2029-2040.

Vestlandsrådet ber fylkesdirektøren etablere ei brei administrativ samansett prosjektgruppe med interne ressurar og eksterne samarbeidspartar, for koordinering og planlegging av det praktisk politiske arbeidet for påvirking av sentrale beslutningstakarar i NTP- prosessen.

Vestlandsrådet set av inntil kr 500.000.- til dette arbeidet i budsjettet for 2026.»

Med utgangspunkt i den skisserte NTP-prosessen legg fylkesdirektøren opp til å presentere aktivitetar og tiltak for oppfølging av Nasjonal transportplan 2029-2040 på Vestlandsrådet AU sitt neste møte 15.oktober 2026.

Fylkesdirektøren vil og foreslå at den tidlegare omtalte administrative arbeidsgruppa for mobiliseringskonferansen, 15.april 2026, vert vidareført for å sikre koordinering og planlegging av påvirkingsarbeidet i NTP-prosessen.

Denne gruppa representerer eit nettverk og kompetanse både for strategisk planlegging av påverknadsarbeid, og til å gjennomføre ulike aktivitetar og tiltak for kommunikasjon og dialog. Gruppa representerer i tillegg eit breitt geografisk nedslagsfelt i landsdelen og eit viktig og konstruktivt samarbeid mellom privat og offentlig sektor.



– Slaget om E39 skal vinnes

2026-04-22

Optional[© Romsdals Budstikke]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

4 ONSDAG 22. APRIL 2026 ROMSDALS BUDSTIKKE



Potten må økes: – Det handler ikke om enkeltprosjekt når de tre fylkene går sammen, men om å øke potten for E39-utbyggingen, sier fylkesordfører Anders Riise (H). Her til venstre sammen med Anders Riise og Ole Ueland (Rogaland) på konferansen i Bergen.

– Slaget om E39 skal vinnes

De tre Vestlands-fylkene vil samle troppene for å få mer penger til å bygge E39. – De siste åra har vi vært taperne. Gjennom et tettere samarbeid står vi mer samlet for å få bygget bedre E39, sier fylkesordfører Anders Riise.

RICHARD NERGAARD
richard.nergaard@r-b.no

Hvor er rettferdigheten i at Møre og Romsdal som har 5 prosent av folketallet i Norge bare får 1 prosent av pengene som brukes til veg, jernbane, skip og luftfart? Eksportfylket Møre og Romsdal står for 11 prosent av fastlandseksporten i Norge (olje og gass er holdt utenfor), men får 1 prosent av investeringene til transport.

– Vi og Vestlandet har vært den store taperen når samferdselspengene har blitt fordelt. Da Nasjonal Transportplan ble laget i 2014, skulle det være en balanse («due diligence») mellom satsing på motorvegprosjekt, inter city tog og europaveg E39. Utviklinga viser en helt annen retning. Det oppleves ikke rettferdig, sier fylkesordfører Anders Riise.

Fylkesordføreren var blant de nærmere 200 deltakerne på konferansen «Slaget om E39 Vestlandsvegen» i Bergen

denne uka. Nærmere 30 deltagere fra Møre og Romsdal var på konferansen, men kun én stortingsrepresentant: Per Vidar Kjolmoen (Ap).

Tall som ble presentert på konferansen viser at hvert år siden 2014 har E39 fått langt mindre penger enn togsatsingen og motorvegutbyggingen andre steder i landet. Ett eksempel: I 2025 fikk E39-prosjektene til sammen 16,9 milliarder kroner, mens Intercity-prosjekt fikk 103,5 milliarder kroner og Nye Veier fikk 52,3 milliarder kroner fra staten.

– **Hvordan kan Møre og Romsdal rette på det som beskrives som urimelig?**

– Jeg opplever at vi er i ferd med å få til en revitalisering rundt E39-utviklinga. Vi er tre fylker som står sammen; Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Konferansen i Bergen var viktig for å skaffe et oppda-



Heidi Nakken fra Fiksdal er administrerende direktør i Næringsforeningen i Ålesundregionen. FOTO: MORTEN WANVIK

tert kunnskapsgrunnlag rundt prosjektene på E39. Det jobbes nå med å forankre prosjektet E39 i forkant av at Nasjonal Transportplan skal oppdateres våren 2028. Det er en prosess vi vil være med på. Først skal det gis innspill til fagetatene som skal komme med forslag til Nasjonal Transportplan. Våren 2028 kommer Samferdselsdepartementet med sin innstilling. Den skal fylkestinget uttale seg om. Og så i juni 2028 skal Stortinget vedta planen, sier Anders Riise.

De sterkeste argumentene de tre fylkene legger vekt på når de vil ha mer penger til E39-utbyggingen, er at bedre E39 vil styrke eksportindustrien,

samt knytte bedre sammen bo- og arbeidsmarkedsregioner. Oslo Economics har laget en rapport om E39. Rapporten ble lagt fram på konferansen i Bergen 15. april. I Møre og Romsdal foreligger det godkjente reguleringsplaner for følgende strekninger: Volda-Furune, Ørskogfjellet-Vik, Møreaksen og Julboen-Molde. Astad – Bjerkeset er til godkjenning i Gjemnes kommune. Møreaksen er kostnadsregnet til 25,6 milliarder kroner, målt i kroneverdien fra 2022.

– **Er du mer optimistisk for at det største fjordkryssingsprosjektet i Møre og Romsdal, Møreaksen, kan gjennomføres?**

– Når de tre fylkene går sammen for å kreve en større pott penger til E39 handler det ikke om enkeltprosjekt, men om helheten. Når prosjekt skal gjennomføres, må vi starte med prosjekt som er ferdig regulert. I Møre og Romsdal gjelder det E39 Astad-Bjerkeset, E39 Voldatunnelen og E39 Møreaksen.

– **Fylkets største parti, Fremskrittspartiet, har markert seg som den største motstanderen av Møreaksen. Hva kan det bety for Møreaksen-prosjektet?**

– Mitt oppdrag som fylkesordfører er å arbeide for vedtaket flertallet i fylkestinget fattet om Nasjonal Transportplan. Flertallet ønsker E39 Ålesund-Molde med Møreaksen. Jeg vil også kommentere at fylkets største avis heier på Møreaksen, mens fylkets nest største avis ikke har tatt stilling til Møreaksen, sier Anders Riise.

Ti velmente råd

Tidligere statsråd Bjarne Håkon Hanssen, som var helse- og omsorgsminister i Stoltenberg-regjeringen, og nå kommunikasjonsrådgiver i selskapet Kruse Larsen, var på E39-konferansen i Bergen. Der kom han med 10 råd til hvordan de tre vestlandsfylkene kan få mer gjen-



med kollegaene Jon Askeland (Vestland), FOTO: MORTEN WANVIK

nomslag for å bygge en bedre E39. «Ti velmente råd» kalte Hanssen dette:

- Verden er i endring. Vi må forholde oss til det som bekymrer norske politikere.
- Start med problembeskrivelsen. Hvis problemet ikke er kjent, akseptert og prioritert, får vi ikke gjennomslag med løsningen.
- Finn den rette blandingen av frykt og håp. Noen ganger trenger man underskrifter, andre ganger overskrifter.
- Bli enig om den strategiske fortellinga om hva E39 betyr for Vestlandet – og landet.
- Vi må skrive oss inn på den nasjonale politiske dagsorden. Verdiskaping, arbeidsplasser, konkurransekraft, eksport, beredskap, farlige vegger, større bo- og arbeidsmarkedsområder, kamp om arbeidskraft og kompetanse.
- Bli enig om prioriteringer. Den største trusselen mot nasjonalt gjennomslag er lokal uenighet.
- Legg en langsiktig plan, og sett av nok ressurser.
- Hvem skal ha klokka på ringing for E39? 169 stortingsrepresentanter. De har mye annet å tenke på.
- Bygg et solid nettverk av ambassadører.
- Bygg nedenfra. All politikk er lokal. Få med partiene lokalt og regionalt, arbeidsgiver- og arbeidstakerorganisasjoner.



Bli enig: - Den største trusselen mot nasjonalt gjennomslag, er lokal uenighet, var ett av de 10 rådene tidligere statsråd Bjarne Håkon Hanssen ga til deltakerne på konferansen om E39 i Bergen denne uka. FOTO: MORTEN WANVIK



Aukra-ordfører Helge Kjell jr. og Arnt Sommerlund fra Aukra næringsforum på mobiliseringskonferanse for E39 Vestlandsvegen i Bergen onsdag. FOTO: MORTEN WANVIK



Trygve Grydelan og Torgeir Dahl (bak) hadde tatt turen fra Molde. Foran. Christine B. Meyer, byrådsleder i Bergen foran. FOTO: MORTEN WANVIK



Molde-ordfører Trygve Grydelan talte på konferansen. FOTO: MORTEN WANVIK



Samler kreftene: De tre fylkene Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland står sammen i kravet om mer penger til utbygging av Vestlandsvegen E39. Fjordkryssinga av Romsdalsfjorden, Møreaksen, er blant strekningene som har godkjent reguleringsplan, men som ikke har kommet inn på prioritert plass i Nasjonal Transportplan. FOTO: STATENS VEGVESEN



FOTO: KRISTOFFER ANTONSEN

Ulykke i Brusdalen

Mandag formiddag krasjet en personbil og et vogntog på E39 i Brusdalen. Ulykka framstår som alvorlig, melder politiet.

som har kontaktet Sunnmørs-posten:

- Ikke lekkasje
Både politi, brannvesenet og ambulanse har rykket ut. - Brannvesenet rykte ut fra brannstasjonene i Skodje og Spjelkavik. Vi har bistått med sikring av skadestedet, forteller vakthavende ved 110-sentralen, Karl Johan Eik Dyrkorn.

KARL-PETTER LØVOLL
karl.petter.lovoll@smp.no
CAMILLA HJELMESETH
camilla.hjelmeseth@smp.no
KRISTIAN HAVNES KLEMETZEN
kristian.klemetzen@smp.no
KRISTOFFER ANTONSEN
kristian.klemetzen@smp.no
JAN ERIK FINSÆTHER
jan.erik.finsather@smp.no

Det skal ikke være noe bekymring knyttet til at ulykka er i nærheten av drikkevannet til Ålesund.

- Det er ikke noe lekkasje av betydning fra noen av kjøretøyene, og det er ikke snakk om noe tankbil, sier han til Sunnmørs-posten.

Det satt én person i hver av bilene da ulykka skjedde.

- Fører av personbil blir kjørt til sjukehus for nærmere undersøkelser og behandling. Fører av vogntog er fysisk uskadd, melder operasjonsleder i politiet, Line Kjernli Karlsen.

Politiet: Skal ha kommet over i motsatt kjørebane

Ved 14.30-tida melder operasjonsleder Line Karlsen at politiet mener personbilen skal ha kommet kjørende østover på E39.

Det skal være store materielle skader og vegen er stengt.

Lastebilen skal ha kommet kjørende vestover.

Frontkollisjon i Brusdalen

- Ulykka framstår som alvorlig, legger hun til.

Det er snakk om en frontkollisjon mellom en personbil og et vogntog. Lastebilen havnet i grøfta, mens personbilen ble stående på vegskuldra.

- Spor på stedet kombinert med opplysninger fra vitner tilsier at personbilen har kommet over i motgående kjørefelt og truffet lastebilen. Fører av personbilen er en kvinne i 70-årene og fører av lastebilen er en mann i 50-årene, opplyser Karlsen.

Se video med politi og helsevesen:

Politiet har per nå ingen oppdaterte opplysninger om kvinnens helsetilstand.

Trafikale problemer

Politiet melder om store trafikale problemer i forbindelse med ulykka. Ifølge Vegtrafikk-sentralen Midt kan vegen bli stengt lenge.

- Kriminalteknikere og ulykkesgruppa foretar fortsatt undersøkelser på stedet. Tungberger har ankommet og er klar for å berge kjøretøyene så snart åstedundersøkelsen er ferdig. Vegen er fortsatt stengt, melder operasjonslederen.

Politiets krimteknikere og personell fra ulykkesgruppa i Statens Vegvesen jobber på stedet og det er anslått at stengingen kan vare fram til klokka 16.00.

Tungbilbergning

Ulykka har skjedd ved Skinstadreset, vest for Digermet Næringspark. Det er kø på stedet, og vegen er stengt i begge retninger.

Ved 16.30-tida får Sunnmørs-posten opplyst fra Vegtrafikk-sentralen at berging pågår på stedet.

Omkjøring via Ellingsøya eller Glomset

Det er omkjøring via Ellingsøya, men man kan også kjøre via Glomset.

- Vegen blir sannsynligvis åpna klokka 17, men det er ingenting som er «hogd i stein». De jobber på stedet nå, sier vakthavende trafikkoperatør.

Det som ikke er å anbefale er å kjøre via Utvikbygda. For der står trafikken stille, ifølge flere

Ved 18-tida blir det meldt at arbeidet på stedet er ferdig. Bilene er fjernet og vegen er åpna igjen.

E39: - Klarer ikke dere å bli enige, blir det jubel i andre landsdeler

- Den største trusselen mot nasjonalt gjennomslag er lokal uenighet, var Bjarne Håkon Hanssens budskap til politikere på Vestlandet.

Marit Holm

marit.holm@bt.no

Geir Martin Strande

Fotograf
geir.strande@bt.no

Eksstatsråden, som i de ti siste årene har vært partner og medeier i kommunikasjonsbyrået Kruse Larsen, var en av foredragsholderne på Vestlandsrådets mobiliseringskonferanse for E39. Målet er å få ny giv rundt satsingen på det som ble omtalt som Vestlandets hovedpulsåre, og få videre utbygging av E39 inn i den neste nasjonale transportplanen (NTP).

Lukten av sagmugg

Hanssen, som sa at han kjente lukten av sagmugg på konferanser som dette, sa at det aller vanskeligste var å bli enige om prioriteringene som så mange fylkeskommuner og kommuner må stille seg bak:

- Den største trusselen mot nasjonalt gjennomslag er lokal uenighet, påpekte han.

- Klarer ikke dere å bli enige, blir det jubel i andre landsdeler. Det øker sjansen for at de får gjennom prosjekter som de er enige om.

Han oppfordret vestlandspolitikere til å danne brede allianser, og legge en klar slagplan.

Også statssekretær i Samferdselsdepartementet, Jakob Vorren (Ap), rådet politikere til å være tydelige i prioriteringene.

- Hvis ikke dere er det, vil andre være det for dere, sa han.

Lite til veier i vest

I 2013 sa daværende statsminister Jens Stoltenberg at fergefri E39 på Vestlandet var like viktig som utbyggingen av jernbanen på Østlandet.

Siden den gang har staten brukt rundt 100 milliarder på Intercity-tog på Østlandet, mens E39 på Vestlandet bare har fått en brøkdel av dette, ifølge tanke-smien Initiativ Vest.

Jon-Kristian Hovland, samfunnsøkonom i Oslo Economics, mener at Vestlandet er tjent med en stram prioritering av tiltakene



Tidligere Ap-statsråd Bjarne Håkon Hanssen var klar i talen til vestlandspolitikere.



Det var stinn brakke på det som etter hvert kunne minne om et vekkesemote i regi av Vestlandsrådet, et et politisk samarbeidsråd for Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal.

med størst samfunnsnytte.

For selv om utfordringene med de mange ferjene og dårlige veiene er de samme i dag som da prosjektet fergefri E39 ble lansert, mener han ambisjonen må sees i et nytt lys:

- Byggekostnadene har økt, det økonomiske handlingsrommet er mindre, og det er større bevissthet rundt klimamål, påpekte han.

Å ta vare på de veiene vi har, utbedre der vi kan og bygge nytt

der vi må, er gode prinsipper, mente Hovland. Samtidig mener han at det er en fordel å velge de prosjektene som kaster mest av seg, når en først skal bygge nytt.

- Mange E39-prosjekter er mer samfunnsmessige lønnsomme enn de som allerede er prioritert i NTP, sa han.

- Bli enige, stå sammen

Representanter for næringslivet fortalte hvordan de sliter med dårlig kommunikasjon på Vest-

landet, og hvordan bedre veier er nødvendig for at landsdelen skal kunne fortsette å være en motor i norsk verdiskaping.

Tom Skauge i Norges Naturvernforbund trakk frem at store motorveiprojekter var svært negativt for natur, klima og jordbruksareal. Han advarte mot at politikere i de tre fylkene på Vestlandet «outsources» politiske beslutninger til organisasjoner som Stavanger2Bergen og Initiativ Vest.

Fakta

Hanssens råd for å få politisk gjennomslag:

- Verden er i endring. Det betyr noe for norske politikere. Vi må forholde oss til det som bekymrer dem.
- Start med problembeskrivelsen. Hvis den ikke er akseptert, får vi ikke gjennomslag for løsningen.
- Finn den rette blandingen av frykt og håp.
- Bli enige om den strategiske fortellingen om hva E39 betyr for utviklingen av Vestlandet og Norge.
- Vi må skrive oss inn på den nasjonale politiske dagsorden.
- Bli enige om prioriteringer.
- Legg en langsiktig plan og sett av nok ressurser.
- Vestlandet har en fjerdedel av representantene på Stortinget. Hvem skal ha klokken på ringing for E39?
- Bygg et solid og bredt nettverk av ambassadører, både fra næringsliv og organisasjoner.
- Bygg nedenfra. All politikk er lokal.

Men på det som etter hvert kunne minne om et vekkesemote, var det å «bli enige», «stå sammen» og «få det bygd» som ble mantraet.

- Hvis ikke vinner togstrekningsen på Østlandet, sa Stord-ordfører Sigbjørn Fremnes (Frp).

Molde-ordfører Trygve Grydeland (H) sa at det ikke var så rart at kommunene på Vestlandet ikke møttes så ofte, eller samarbeidet så godt som de burde.

- Det er jo en Amerika-reise mellom oss, sa han.

- Skal klare det

Fylkesordfører i Vestland, Jon Askeland (Sp) sa at Vestlandet i mange år har blitt et offer for «splitt og hersk», men at det nå skal bli andre boller.

Fylkesordfører i Møre og Romsdal, Anders Riise (H), har tro på at vestlendingene skal klare å unne hverandre suksess og stå sammen.

- Mener folk det som er sagt i dag, skal vi klare det, sa fylkesordfører i Rogaland, Ole Ueland (H).